

# Myking skule

## - ein hjørnestein i bygda....



Uttale til framlegg,  
kommunedelplan for skule 2014 - 2018



Utarbeidd av:  
arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»

Lev  
Livet  
VEL  
på bygde  
!

*April 2015*

## INNHALD

<b>2</b>	<b><u>INNLEIING</u></b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b><u>SAMANDRAG</u></b>	<b>4</b>
<b>4</b>	<b><u>MYKING SKULEKRINS</u></b>	<b>5</b>
	4.1 HISTORIE	5
	4.2 BYGDENE I MYKING SKULEKRINS OG LIVET DER	5
	4.3 MYKING SKULE	6
	4.4 BYGDENE OG DUGNADSANDA	6
<b>5</b>	<b><u>ØKONOMISKE OG FAGLEGE VURDERINGAR</u></b>	<b>10</b>
	<b>5.1 ØKONOMSIKE VURDERINGAR</b>	<b>10</b>
	ER SKULEN I LINDÅS DYR?	10
	KOSTNADENE TIL REHABILITERING ER SETT FOR HØGT	15
	AUKA SKYSSKOSTNADER FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE ER IKKJE BEREKNA	16
	AUKA SKYSSKOSTNADER FOR LINDÅS KOMMUNE ER BEREKNA FOR LÅGT	17
	SPARTE VEDLIKEHALDSKOSTNADER VED NEDLEGGING ER SETT FOR HØGT	17
	KVA OM ELEVANE GÅR TIL PRIVAT SKULE?	18
	OPPSUMMERING KOSTNADER	19
	KOR VIL FOLK PÅ VABØ HØYRA TIL?	20
	<b>5.2 FAGLEGE VURDERINGAR</b>	<b>21</b>
	KVALITET I SKULEN - ELEVUNDERSØKINGAR	21
	KVALITET I SKULEN - TRIVSEL/ MOBBING	23
	KVALITET I SKULEN - DEI SMÅ SKULANE	24
	POGNOSAR – ELEVTALET AUKAR	25
	FOLKEHELSE – GÅ/SYKLA ELLER KØYRA BUSS?	26
	UTVIKLING I OG UTANFOR TETTBYGDE STRØK	28
<b>6</b>	<b><u>KONKLUSJON</u></b>	<b>29</b>
<b>7</b>	<b><u>VEDLEGG</u></b>	<b>29</b>

## 2 Innleiing

Framlegg til kommunedelplan for skule 2014 – 2018 er lagt ut på høyring, med frist for innspel sett til 18. april 2015.

I planen er det lagt fram alternativ for nedlegging og samanslåing av skular i Lindås kommune.

Myking skule, som me krinsar til, er i 5 av 6 alternativ føreslått nedlagt.

Med bakgrunn i allmannamøte i Myking skulekrins, vart det laga ei arbeidsgruppe som har hatt fokus på å få bygda sine synspunkt fram.

Uansett så slit det på lokale krefter, og er frustrerende, å måtta ta denne debatten på ny. Som einkvar innbygger i Lindås kommune har også me krav på langsiktig planlegging og forutsigbarheit frå kommunen si side.

Me set likevel pris på at me i denne planprosessen har vorte teken tidlegare med enn førre gong. Likevel vil me sterkt påpeika at det å uttala seg angående endringar i skulestrukturen i Lindås utan at planen inneheld konsekvensanalysar eller samfunnsrekneskap og med manglande utrekningar, ser me på som vanskeleg. Det kan i beste fall karakteriserast som å driva med skyggeboksing. Fokuset på kva som er best for borna er fråverande, fokuset på økonomi er einerådane.

Me har likevel gjort våre utrekningar og skaffa dokumentasjonar som me meiner er relevant for handsaminga av planen.

Me ser at rådmannen i dette planframlegget har, i motsetning til det førre, utelate endring av krinsgrenser mellom Lindås og Ostereidet ungdomsskule.

Dette har me i arbeidsgruppa også vurdert og me er glad for at rådmannen vurderer det slik at ungdomsskulekrinsgrensene ikkje bør endrast. Me ser problemstillinga rundt dette og er einige i at det ikkje er eit godt alternativ å endre ungdomsskulekrinsgrenser med omsyn til at me geografisk ligg slik til som me gjer.

Uttalen vår er delt inn i to hovudkapittel. Det første omhandlar krinsen vår som me ser på som eitt samfunn, eitt miljø og eitt felles satsingsområde for å bevare og vidareutvikla nærmiljøet, deriblant vårt viktigaste knutepunkt, MYKING SKULE.

Det andre tek for seg det økonomiske og faglege aspektet med framlegget til kommunedelplanen.

Me håpar du tek deg tid til setja deg inn i den økonomiske og faglege konsekvensen av det å leggja ned Myking skule.

*Myking, april 2015*

Erlend Kleiveland	Leiar arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»
Berit Karin Bruvoll	FAU Leiar v/Myking skule
Ida Nordahl	FAU nestleiar v/ Myking skule
Kristin Bredholt	Sekretær FAU v/ Myking skule
Grete Natås Reigstad	Medlem arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»
Jan Roger Fagna	Medlem arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»
Geir Fagna	Medlem arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»

### 3 Samandrag

#### **Stor dugnadsand i Myking skulekrins**

I Myking skulekrins er det ei svært god dugnadsand. På dei neste sidene kan du lesa kva me gjer i bygda og all dugnadsinnsatsen som vert lagt ned for å kunna "leva det gode livet på bygde".

#### **Lindås kommune har låge kostnader til skuledrift**

Lindås kommune har låge kostnader til drift av skular, både når ein tek omsyn til demografi og skulestorleik samanlikna med andre kommunar. Dette er dokumentert på side 10-15.

#### **Lindås kommune vil tapa pengar på å leggja ned Myking skule**

I planen som er på høyring kan ein lesa at kommunen vil spara kring 0,7 millionar kroner på å leggja ned Myking skule. Me har sett på desse tala og føresetnadene som er lagt til grunn og kan på side 15-21 visa at kommunen ikkje vil spara pengar på å leggja ned skulen.

Utrekningane som er gjort i planen er ikkje realistiske når det gjeld fleire føresetnader. Dette gjeld ikkje minst at ein føreset at alle borna på Myking skule vert overført til Lindås ved ei nedlegging utan å ta omsyn til at kanskje nokon heller vil velja Montessoriskulen på Skodvin. Spørjeundersøkingane som er gjort i krinsen viser at mange vil velja privatskule dersom Myking skule vert lagt ned. Dette vil påverkja økonomien vesentleg og bør konsekvensutgreiast. I tillegg er det m.a. ikkje samanheng mellom elevtalet som ligg i prognosane og elevtalet som vert nytta når ein reknar ut auka skysskostnader. Auka skysskostnader vert monaleg høgare enn det som er lagt til grunn i planen.

#### **Lindås kommune påfører Hordaland Fylkeskommune kostnader ved evt. nedlegging av Myking**

Dette er ikkje omtala i planen. Lindås kommune må be om ei konkret vurdering frå Hordaland Fylkeskommune på kva auka kostnader Lindås kommune påfører Hordaland Fylkeskommune dersom Myking skule vert lagt ned. Desse kostnadene må leggjast fram slik at dei folkevalte kan sjå kva kostnader ein påfører Hordland Fylkeskommune, ikkje berre kva kortsiktige "bedriftsøkonomiske" konsekvensar det evt. vil verta for Lindås kommune.

#### **Elevane har det bra og gjer det bra på dei små skulane**

Dei nasjonale miljøundersøkingane viser at elevar på dei minste skulane i kommunen m.a. trivst betre, er meir motivert og opplever mindre mobbing enn på dei største skulane. Sjå side 21-25. Resultata frå dei nasjonale prøvane på Myking skule viser at elevane gjer det betre enn gjennomsnittet i kommunen. Forsking viser at skular med lite mobbing har betre skuleresultat.

#### **Elevtalet på Myking skule aukar monaleg i åra som kjem**

Det er sterk vekst i krinsen og Myking skulekrins (saman med Seim skulekrins) er den krinsen som har hatt størst prosentvis auke i tal born 0-5 år dei siste 5 åra. Dette fører til at elevtalet stig sterkt dei næraste åra og planen viser at elevtalet vil liggja stabilt kring 75 framover.

#### **Oppmoding**

Me krev ikkje store summar til fellestiltak i krinsen. Me ber ikkje om ny hall, fritidsklubb eller andre fellesgoder. Me ber berre om at det viktigaste me har i krinsen ikkje skal verta teke frå oss. Skulen er vårt samlingspunkt, vår storstove, vårt aktivitetshus og ikkje minst er den med å gje borna våre ein svært god oppvekst.

Skal me vera eit attraktivt område for folk å bu i og flytta til, må me ha barnehage, skule og butikk. Dersom skulen vert lagt ned, er me ikkje lengre attraktive. Presset på dei sentrale strøka i kommunen vil då verta enno større.

Me oppmodar våre folkevalte til å satsa på bygdene og ta i bruk heile kommunen, også den delen som ligg 25-30 minutt frå Knarvik.

## 4 Myking skulekrins

### 4.1 Historie

Lindås kommune blei oppretta i 1837 ved innføringa av det lokale sjølvstyret. Frå kommunen blei først Masfjorden utskilt i 1879 og sidan Austrheim i 1910.

Fram til kommunesamanslåinga i 1964, som er dagens kommune, var Myking ei sentral bygd i kommunen. Ved kommunesamanslåinga i 1964 endra dette seg. Då blei Lindås og Alversund kommune slått saman, og delar av dei tidlegare kommunane Hosanger og Hamre (områda nord for Osterfjorden), og mindre delar av Modalen og Sæbø kommunar.

Me har likevel følt oss godt ivareteke av våre folkevalde og har klart oss godt. Enkelte kampar har det sjølv sagt vorte. Til dømes nemnar me kampen i 1973/74 mot atomkraftverk i kommunen.

Nå står me på nytt framfor ei kommunesamanslåing, og ynskjer å gjere våre folkevalde merksame på at det i slike prosessar er viktig at alle innbyggjarane i ein kommune vert høyrd og ivareteke, og særskilt viktig i store saker som har stor konsekvens for lokalsamfunnet.

I vårt tilfellet har ei skulenedlegging stor konsekvens for våre bygder, for vårt eksistensgrunnlag i ein framtidig Nordhordland kommune. Skulen er det einaste i krinsen vår som kommunen finansierar, og me ber innstendig om at kommuneøkonomien vert forvalta på ein måte som gjer at det er rom for denne eine goda i krinsen vår.

### 4.2 Bygdene i Myking skulekrins og livet der

Myking skulekrins består av bygdene Myking, Jordal, Hodnekvam, Hodneland, Ringåsen, Sæverås, Natås, Vabø, Fjellsende, Skauge, Sletten, Vefjell, Tveiten og Nævdal.

Rundt om i desse bygdene føregår det mykje dugnadsarbeid. Det meste me gjer i desse bygdene skapar me sjølv for at borna våre skal få gode oppvekstvilkår, skapa gode relasjonar og bli flittige, flinke og sjølvstendige individ.

Me trur nemleg på at å veksa opp her, skapar trygge vaksne. Me er ikkje så store, me kjenner naboane godt, me ser til kvar andre sine ungar og vil kvarandre det beste for framtida.

Me klarar oss stort sett sjølv, går på jobb, betalar skatten vår og det er lite «bal» med oss i det store fellesskapet. Slik er vår oppfatning av det å leva det gode livet.

Men, me har ein ting i krinsen vår som gjev oss skår i gleda; skulen, og den stadige kampen vår om å få behalda det einaste i krinsen som kommunen er med og bidreg økonomisk.

Me krev ikkje store summar til andre tiltak i krinsen. Me ber berre om å få behalda skulen vår, som er vårt samlingspunkt, som gjev våre ungar ein lykkeleg kvardag, god kunnskap og relasjonar. Som gjer at dei kan gå eller sykla til skulen, som skapar tilhøyrighet i lokalsamfunnet. Skulen som er vår storstove, vårt møtepunkt, vårt aktivitetshus og mykje meir.

Me påstår også at mindre skular gjev færre ungdommar på skråplanet. Og når me veit at ein elev ekstra på skråplanet, kostar samfunnet ca. 12 millionar kroner (sjå kjelde side 23), så er det alt om å gjera å sjå til at ungane våre har ein best mogleg oppvekst der me bur.

Me meiner **det er betre å byggja born enn å reparera vaksne** og me skal etter kvart visa at det ikkje er noko å spara på å leggja ned Myking skule.

### **4.3 Myking skule**

Myking skule er ein firdelt barneskule i Lindås kommune, med ein kapasitet på 80 – 100 elevar. Elevane kjem frå Jordal i sør til Vabø i nord.

Skulen består av to bygg. Den gamle skulen frå 1920 og den nye frå 1981. Til saman 1543 m<sup>2</sup> BTA. Det eldste bygget vart rehabilitert i 1996. I 2008 vart taket på den nye skulen skifta.

Skulen har hatt elevbedrift i ca 25 år. Det har blant anna vore matstove/eldre-kafé, suvenirproduksjon, SFO-assistent og frukt/grønt. Skulen har ulike trivselsarrangement gjennom skuleåret og dei siste åra har karnevalet i februar vore ein stor attraksjon og motivasjon for elevane. Skulen arrangerer også temaveker kvart år, og som oftast omhandlar det noko som er eller har vore i bygdene. Til dømes gamle namn/stadar, måtar å jobba på i gamle dagar, lokal flora mm. Desse temavekene går på tvers av skuleklassane, så det vert gode relasjonar mellom alle borna på skulen. Av andre fellesprosjekt med FAU og bygdelaga, kan ein nemna skøyte- og teaterturar, villmarksturar og haustfestar. Eldre i bygda vert m.a. invitert på framsyningar i samband med juleavslutning.

På skulen føregår det også aktivitetar på kveldstid. Den vert leigd ut til forskjellige arrangement som ungar, foreldre og andre interesserte vaksne deltek i. Me nemner trimleik, gubbetrim, hobbygrupper, dametrim mm.

FAU ved skulen lagar elles til ulike arrangement gjennom skuleåret slik som aktivitetkveldar, pizzakveldar og liknande.

Skulen vert også brukt til bygdemøter, juletreffar, 17. mai feiring og jonsokfeiring.

Skulen er difor ofte i bruk, både i vekedagane gjennom skuleåret, og også i helgene til ulike seminar, o.a.

***For oss vert difor skulen på Myking knutepunktet for krinsen, vår STORSTOVE, den held bygdene samla og gjev oss felles relasjonar.***

### **4.4 Bygdene og dugnadsanda**

#### **Nærbutikken Myking Handel**

Heilt sidan midten på 1800 talet har det vore butikk og postdrift på Myking. Så lenge sjøen var viktigaste ferdselsveg, låg butikken på kaien på Mykinghella.

Etter at bilen overtok som framkomstmiddel, blei butikken flytta til knutepunktet ved kyrkja og skulen – Mykingkrysset.

Året 2007 markerte ein ny milepæl i butikken si historie. Dette året stifta Mykingbygda sine eigne innbyggjarar og støttespelarar andelslaget Mykingkrysset BA. Andelslaget kjøpte butikkbygget.

I januar 2009 vart butikkdrifta avvikla. Då trådde bygdefolket igjen til og skaffa eigenkapital til ny drift i form av lån og gåver. Juni 2009 var det igjen drift i butikken som no heiter Myking Handel AS, og er aksjeeigd av bygdefolket. Her har skulen ein indirekte stor verknad på butikkomsetninga ved at foreldre som likevel er i nærleiken vel å handla der.



### Myking bedehus/ Myking kyrkje

Drift og vedlikehald av bedehuset skjer også gjennom dugnadsinnsats frå bygdefolket. I bedehuset/kyrkja sin regi vert det drive med VING, søndagsskule, barnekor, vaksenkor, møteaktivitet mm. Både utvendig vedlikehald og anskaffingar av nytt inventar i bedehuset skjer på dugnad.



### Myking grendahus

Bygda driftar og vedlikehald også grendahuset på Myking. Der vert det arrangert ulike arrangement og aktivitetar for bygdefolk i alle aldrar, alt i frå kaffikos for dei eldre til dataparty for den yngre generasjon. Av andre aktivitetar kan me også nemna bingo, basar, bygdekvelde, hyggjelege bygdesamankomstar med god musikk og godt lag. Også her vert alt av nødvendige reparasjonar/ fornyingar gjort med den gode dugnadsanda.

### Ballbingen og aktivitetsparken

Ballbingen på Myking er gjeve av Trond Mohn. Den vart sett opp våren 2005 på dugnad, med hjelp frå to fagfolk. Sidan den gong har det vorte opparbeidd stor leikeplass med husker, leikehytte, vippedyr, klatreapparat mm.

Området rundt er i desse dagar rydda og det er starta opparbeiding av cross-syssel-løype. Alt på dugnad.

### Prosjekt ope naturlandskap

I byrjinga på 2000 års-skiftet gjekk fleire av bygdefolka saman om å rydda eit svært felt med grantre rundt Myking sentrum. I 2005, for å halda kulturlandskapet ope, gjekk 6 av dei saman om å starta Myking kvegdrift. Dei har 9 store Angus-fe som beitar områda kontinuerleg. I tillegg får dei kalvar kvar vår, mellom 5 – 8 stk som også er med og beitar. Kyrne vert flytta rundt om kring for å halde landskapet ope. Om vinteren er det fôring med silo med «turnus» kvar 6. veke.



### Båtbryggja – Myking

Bryggja er bygd på dugnad i 2006, og vert drive på dugnad. Det same gjeld tilhøyrande veg og parkeringsplass. Hamna har 16 båtplassar. Båthamna er full og det er ventelister på plass.



### Båtbryggja – Sævrås

Bryggja er både bygd og vert drive på dugnad. Den har 34 båtplassar. Elles i hamna er det skråplan med to slippvogner. Med den største vogna kan seglbåtar opp mot 40 fot trekkjast opp. Vatn for vask og spyling er lagt fram til kai. Det er også straum der. Båtbryggja sine medlemmar har



disposisjonsrett for heile kaiområdet.

Sævråsvåg hamn har med dette god moglegheit til å ta i mot båtar frå medlemmar i andre hamner for slippsetjing og eventuelt også, etter nærare avtale, vinterlagring på land.

### **Klatreskogen – Vabø**

Klatreskogen ligg i utmarka til Karstein Vabø og Audun Vabø, tett ved stien som går til Langavatnet. Klatreparken inneheldt disser, balansestokk, hengebru og lianer, babydisse med meir. Det er sett opp grill, benkar og benkebord. Parken er laga av Vabø-vel. Parken blir mykje brukt av bygdefolket, og spesielt barnefamiljar. Myking skule brukar parken til utflukter.



### **Skogen - Vabø**

Dette er ein flott tursti/rundløype i skogen som går til Langavatnet. Stien går over utmarka til Karstein Vabø og Audun Vabø. Stien er godt vedlikehalde av Vabø-vel på dugnad. Det er laga bruer over enkelte myrete parti. Stien blir brukt av mosjonistar i alle aldersgrupper. Det er også utført ein stor dugnad for å få utsikt mot fjorden ved ein rasteplass langs løypa.

### **Fotballbana – Vabø**

Fotballbana på Vabø vart opparbeidd på dugnad på 90-tallet. Sidan den gong er bana og området rundt halde vedlike av bygdefolket. Sjølve grunnen til bana er gitt på åremål av grunneigar Karstein Vabø. Det er også benkebord, grillar, sandkasse mm. Bana blir også brukt til årleg jonsokfeiring.

### **Holmen – Fjellsendevatnet**

Holmen ligg i Fjellsendevatnet og er ei nydeleg naturperle. På Holmen er det sett opp benkebord og bålpanne som alle kan nytta seg av når dei tar turen dit. For at alle som vil skal få nytta seg av tilbodet, har Vabø Vel ein båt som tilgjengeleg for alle. Holmen er i flittig bruk. Myking skule brukar holmen til utflukter.

### **Natås grendahus**

På Natås er det bygdefolket gjennom Bygdelaget Samhald som tar seg av drift og vedlikehald på Natås grendahus. Her vert det arrangert ulike aktivitetar som til dømes gubbetrim og kaffikos, og det vert ofte halde arrangement som til dømes bryllaup, basarar, korgfest mm.

Natås grendahus leigar også store delar av huset ut til Natås barnehage. Sjå eige avsnitt.



### **Natås bedehus**

Drift og vedlikehald av Natås bedehus vert gjort på dugnad. Huset har eige styre som tek seg av det. Dei held no på med å blant anna utbetra kjøkkenet og el-anlegget.



Her er faste møter med talar kvar månad, i tillegg til samtalemøter. Dei samarbeider med blant anna Ebeneser, Leirvåg og Hundvin bedehus om å arrangera møter. Elles vert huset brukt til loppemarknad og basarar.

### Natås barnehage

Natås Barnehage SA er ein foreldreeigd barnehage som heldt til i Natås Grendahus. Barnehagen starta som korttids-barnehage i 1985 og har dei siste åra utvida både barnetal og opningstider. Foreldra vel representantar til eit styre som er øvste organ for barnehagen. Styrearbeidet og anna praktisk arbeid vert utført av foreldra på dugnad.

Barnehagen består i dag av to avdelingar med plass til 27 born. Ein småbarnsavdeling med barn mellom 1 – 3 år og ein avdeling med barn mellom 3 og 5 år. Dette året har barnehagen hatt utvida plassar og vore til saman 38 born. Barnehagen har mange søkjarar frå nærområdet.

Barnehagen ligg landleg og fint til på Natås, med kort veg til skog, sjø og bondegardar. Hausten 2014 stilte foreldra opp på dugnad og fekk laga ein gapahuk og grue på ein inngjerda plass på Natås. Dette er ofte base for mange av turane som barnehagen gjennomfører. Barnehagen har språk og friluftsliv som satsingsområde.



### Turstigruppa

Turstigruppa består av personar som jobbar med tilrettelegging av nye og gamle trasear for turgåing. Årleg er det stor innsats både av rydding av buskas, merking av løyper, utsetjing av benkar, og tillaging av enkle «bruer» for å kunna gå meir tørrskodd.

Innbyggjarane får kjøpa klyppekort på butikken for motivasjon til stor deltaking. Årleg premiering av desse.

### Saga - Sævrås

På Sævrås har det lagt ei gamal vass-sag. Det var mykje skog og plassen var ideell den gongen då sjøvegen var ferdseisvegen for dei som skulle ha tømmer til saga. Saga var i bruk fram til 1980-talet. I 2008 byrja arbeidet med å skaffa pengar til restaureringa.

Det er Lindås båtforening avd. Sævrås som har stått for arbeidet i lag med bygdefolket på dugnad.

Andre høgda i saga skal nyttast til møterom for båtfolket og andre tilstellingar.

Her kan skuleklassar og andre få demonstrert saging og høvling frå gamal tid.



## 5 Økonomiske og faglege vurderingar

### 5.1 Økonomiske vurderingar

På [www.strilen.no](http://www.strilen.no) 19. november 2014 stod det m.a. følgjande å lesa om budsjettmøtet på Voss: "Einingsleiar Kristin Moe gjekk grundig gjennom det rådmannen kalla ei synleggjering av potensialet ved å leggja ned skular. I tillegg til Myking, er det på sikt Kløvheim og Eikanger som er mest i faresona."

Denne gjennomgangen viste at kommunen ville spara 4,1 millionar kroner årleg på å leggja ned Myking skule (utklipp og sitat frå økonomiplan 2015-2018, framlegg frå rådmannen 3. november 2014):

Område	Tiltak	Sum i 2015	Helårseffekt
Rådmann	Fagsjef pleie og omsorg (50% effekt)	370	370
Kultur	Idrettskonsulent 50%	310	310
Skule	8,3 årsverk	2 200	5 300
Skule	Fem måneders effekt på nedlegging av Myking	1 708	4 100
Oppvekst	Ledelsesfunksjonar	750	1 500
Oppvekst	Grunnbemannning på tvers av tenesteområdet	325	650

"I tillegg er det lagt inn fem månaders effekt av nedlegging av Myking skule (helårseffekt er 4,1 mill. kr) i 2015."


Når no administrasjonen har rekna litt nøyare på det, er 4,1 millionar redusert til i underkant av 0,7 millionar kroner. Og som me skal visa dei neste sidene, vil truleg effekten verta at **kommunen tapar pengar på ei nedlegging** i staden for å spara noko.

I tillegg vil kommunen sine innbyggjarane i denne delen av kommunen få eit vesentleg dårlegare tilbod, så dette er ikkje noko vinn-vinn, men ein tap-tap situasjon.

### Er skulen i Lindås dyr?


Rådmannen har tidlegare gjeve uttrykk for at Lindås kommune har høgare kostnader til skule enn samanliknbare kommunar. Lindås ligg i kommunegruppe 8 og vert samanlikna med kommunane i denne gruppa. Felles for kommunane i kommunegruppe 8 er at dei i 2008 var mellomstore kommunar med låge bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter. Det er SSB som har delt inn gruppene.

Når ein ser på kva kommunar som er med i kommunegruppe 8, ser ein mange kommunar med tett busetnad, t.d. Askim, Holmestrand, Rygge, Førde og Sogndal. Faktisk er det slik at **alle** andre kommunar i kommunegruppe 8 har eit busetnadsmønster som er mykje tettare enn i Lindås kommune. I Lindås bur under halvparten (49,1 % i tettbygd strøk). I dei andre kommunane i kommunegruppe 8 bur mellom 60,0 % og 93,4 % i tettbygde strøk. Gjennomsnittet for desse kommunane er 78,5 % (80,2 % dersom ein vektar andel i tettbygde strøk i forhold til innbyggjartalet i kommunane).




**Samanheng mellom kostnader og kor del av innbyggjarane som bur i tettbygde strøk**

Det som er interessant å undersøkje er om det er noko samanheng mellom kor stor del av innbyggjarane som bur i tettbygde strøk og kostnader til drift av skular. Samanhengen for alle kommunar i Noreg er vist under.



Lindås kommune er markert med raud sirkel. Under er dei same data gruppert i intervall i forhold til kor mange som bur i tettbygde strøk. I gjennomsnittet er alle kommunar gjeve like stor vekt.




Som ein kan lesa ut i frå tabellen, er gjennomsnittskostnaden til kommunar der mellom 40 og 50 % av innbyggjarane bur i tettbygd strøk monaleg høgare enn i Lindås kommune (16,6 % høgare enn i Lindås). Lindås har difor ikkje ein dyr skule i forhold til kommunar det er naturleg å samanlikna seg med.

I Lindås bur 49,1 % av innbyggjarane i tettbygde strøk. I gjennomsnitt var det i 2013 140 elevar per skule. Dette er om lag det same som gjennomsnittet av dei 49 kommunane (137 elevar per skule i gjennomsnitt) der mellom 40 % og 50 % av innbyggjarane bur i tettbygde strøk. Når kostnaden er 16,6 % høgare i desse kommunane enn i Lindås, er det eit klart prov på at Lindås kommune har låge kostnader til skule samanlikna med andre kommunar.

#### Samanheng mellom kostnader og kor stor del av elevane som har krav på skuleskyss

Alle elevar som bur over 4 km frå skulen har rett på skuleskyss (2 km for førsteklasingar). Det er hovudsakleg to grunnar til at mange elevar har tilbod om skuleskyss; kommunen har mykje spreidd busetnad eller kommunen har samla elevar på få skular (evt. ein kombinasjon). I Lindås kommune har 40,1 % av elevane tilbod om skuleskyss. I kommunegruppe 8 er tilsvarande til 25,4 %. Samanhengen mellom kor mange som bur i tettbygde strøk og tilbod om skuleskyss for alle kommunar i Noreg er vist i tabellen under.




Som nemnt over har 40,1 % av elevane i Lindås tilbod om skuleskyss og gjennomsnittleg er skulane på 140 elevar i Lindås. I dei kommunane der mellom 35 % og 45 % har tilbod om skuleskyss, er ein gjennomsnittleg skule på 145,6 elevar. Ser ein på kostnadene i dei same kommunane, er den 13,1 % høgare enn i Lindås. Lindås har difor ikkje ein dyr skule i forhold til kommunar det er naturleg å samanlikna seg med.


Er det samanheng mellom store skular og kostnader? Svaret er i utgangspunktet ja, men det varierar frå sak til sak. I følgje berekningane til Lindås kommune vil kostnadene per elev gå svært lite ned ved å leggja ned Myking og flytta elevane til Lindås.

Ser ein på samanhengen mellom kostnader og storleik på skular i Noreg, får ein denne tabellen:





Lindås kommune er markert med raudt. Under er dei same resultatata presentert i grupper.



Ein gjennomsnittleg kommune som har 100-150 elevar i gjennomsnitt per skule har 13,6 % høgare kostnader enn det Lindås kommune har. Ser ein berre på intervallet 130-150 elevar (Lindås har 140), er tilsvarande tal 7,4 % høgare enn i Lindås kommune.

**På bakgrunn av dette kan me slå fast at Lindås kommune har låge kostnader til drift av skular, både når ein tek omsyn til demografi og skulestorleik samanlikna med andre kommunar.**

## **Kostnadene til rehabilitering er sett for høgt**

Me ser at bakgrunnstala for det som står under skulebygg, HMT for Myking skule i planen, ikkje ligg ved planen og vil difor her kommentere desse tala.

I planen står det følgjande: *”Behov for vedlikehald /rehabilitering dei 10 neste åra: Totalt 11,64 mill.”*

Dette består av følgjande:

Oppussing innvendige overflater <sup>1</sup>	kr 2 500 000
Byting av vindauge <sup>2</sup>	kr 1 170 000
Ventilasjon <sup>3</sup>	kr 1 490 000
Anna	kr 710 000
Rigg og drift	kr 1 380 000
Prosjektering, prosjekt og byggeleiing	kr 720 000
Finansieringskostnader, marginar	kr 1 680 000
Meirverdiavgift	kr 1 990 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 11 640 000</b>

Me registrerer at **over halvparten** av kostnadene er knytt til **rigg, drift, prosjektering, byggeleiing, marginar og meirverdiavgift**.

<sup>1</sup> Skulen er ikkje nedsliten, men det ville vore kjekt å få nye fargar og overflater. Me spør oss også om dette er ein reell kostnad som me faktisk kan forventa vert utført. Og dersom det er dette det står på, så er me kjend for å gjera dugnad.

<sup>2</sup> Det er oppgjeve som hovudgrunn at vindauge er eldre enn 25 år og har låg u-verdi. Byting av vindauge vert då ein kost/nyttevurdering sett opp mot kostnader til oppvarming. Nokre vindauge bør bytast grunna lite vedlikehald.

<sup>3</sup> Ventilasjonsanlegget fungerer godt, siste servicerapport seier at alt er ok, jfr. uttale frå eigedomsavdelinga. Me veit difor ikkje kvifor administrasjonen meiner dette må gjerast noko med, men det kan henga saman med at Multiconsult i 2009 skreiv: *Bygg som er oppført før 1997 antas å ikke tilfredstille kravene til ventilasjon. (Tilstandsvurdering av skulebygga, side 5, rapport frå Multiconsult 17.06.09)*. Det ser ut som om kostnadene til ventilasjonsanlegget heller ikkje denne gongen er realitetsvurdert.

Eigedomsavdelinga i Lindås har teke utgangspunkt i Multiconsult sin rapport frå 2009 og me kan sjå at det meste som stod i rapporten frå 2009 er teke med denne gongen også, berre justert opp med prisauke. Me registrerer at **ingen ting** av det som rapporten frå 2009 påpeika måtte utførast innan 5 år for å oppretthalda Mykings skule, til no er gjennomført. Men sidan det no har gått 6 år sidan rapporten vart laga, er det nok lurt å gjera noko av dette i løpet av dei 10 neste åra.

I høyringsuttalen til kommunedelplan skule 2010-2020 skreiv me at: *Investeringskostnader er oppgjeve inkludert meirverdiavgift. Kommunen får refundert meirverdiavgifta, slik at kostnadene som er oppgjeve er 25 % høgare enn dei reelle kostnadene for kommunen*. Me registrerar at same feilen er gjort denne gongen også slik at noverdiberekningane på side 34 dermed vert feil. Me ser ikkje vekk i frå at dette gjeld for fleire av skulane.

## **Auka skysskostnader for Hordaland Fylkeskommune er ikkje berekna**

Kostnader til skuleskyss er i hovudsak finansiert av Fylkeskommunen, medan kommunen delbetalar ved å betala einskildebillettar for elevane.

I følge Kystpartiet betalar Fylkeskommunen *”for om lag 75 prosent av skoleskyssen, dermed blir de reelle kostnader med nedlegging, for storsamfunnet, usynlige! Kommunene får økonomisk gevinst av nedleggelse, og fylkeskommunen tar størsteparten av kostnaden i form av transportregninga.”*

Kjelde: <http://www.kystpartiet.no/index.php/component/k2/item/28-skoleskyss-i-stedet-for-skole>

I ein artikkel i Kommunal rapport står det å lesa at *”Nordland fylkeskommune har man regnet ut at kommunene bare betaler rundt 20 prosent av disse kostnadene”* (skysskostnader, vår merknad).

Kjelde: [http://kommunal-rapport.no/artikkel/inntektssystemet\\_nedlegger\\_smaskoler](http://kommunal-rapport.no/artikkel/inntektssystemet_nedlegger_smaskoler)

I *”Kollektivstrategi for Hordaland – utvikling fram mot 2030”* heiter det:

*”Me ser også auke i kostnader knytt til skuleskyss, mellom anna som følge av nedlegging av skular og fleire elevar med rett på skyss.”*

Kjelde:

<http://www.hordaland.no/PageFiles/49878/Kollektivstrategi%20for%20Hordaland%202014.pdf>

I *”Kollektivstrategi for Hordaland – utvikling fram mot 2030”* er ikkje auka kostnader talfesta, men følgjande oppslag på nrk.no i 2013 gjev ein peikepinn på storleiken:

*”Må betale 10 millioner mer for skoleskyss – fordi det legges ned skoler i distriktene. Flere kommuner legger ned distriktsskoler for å spare penger. Men med kommunenes innsparing øker utgiftene for fylkeskommunen.”*

Kjelde: <http://www.nrk.no/troms/ma-betale-10-mill.-mer-for-skole-1.11393075>

Tala er frå Finnmark, men dersom ein skalerer desse tala til Hordaland utifrå folketalet, vil tilsvarande tal verta kring 68 millionar kroner. Dette er pengar som samfunnet må betala for at kommunane legg ned skular. Hordaland er eit av dei fylka med flest skulenedleggingar dei seinaste åra.

Dersom Myking skule vert lagt ned, vil kommunen påføra Fylkeskommunen auka skysskostnader då auka tal elevera som må skyssast ikkje let seg gjera med dagens busskapasitet. **Dette er ikkje nemnt i planen med eit einaste ord.** På førespurnad på folkemøtet på Lindås stadfesta administrasjonen at dei ikkje kom til å be Fylkeskommunen rekna på kor mykje Fylkeskommunen fekk i auka skysskostnader ved evt. nedlegging av Myking skule.

Diverre vart følgjande framlegg frå FrP nedstemt på Stortinget:

*”Stortinget ber Regjeringen fremme nødvendige forslag slik at det stilles krav til at kommunen ved alle skolenedleggelser utreder konsekvensene av endring i skoleskyssen både for elever og for fylkeskommunen, i tillegg til de kommunaløkonomiske konsekvensene.*

*Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om å overføre ansvaret for skoleskyss for grunnskoleelever til kommunene.”*

Dersom ei slik utrekning viser at Fylkeskommunen og kommunen samla spara pengar dersom kommunen ikkje legg ned Myking skule, bør det kunna gjerast ein avtale der Hordaland Fylkeskommune dekkjer Lindås kommune sine ekstra kostnader til drift av skular, på same måte som Nordland Fylkeskommune har gjort. Kjelde: [www.nfk.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=959&Filld=4307](http://www.nfk.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=959&Filld=4307)

**Me meiner at Lindås kommune må be om ei konkret vurdering frå Hordaland Fylkeskommune på kva auka kostnader Lindås kommune påfører Hordaland Fylkeskommune dersom Myking skule**

vert lagt ned. Desse kostnadene må leggjast fram for dei folkevalte i Lindås, slik at dei kan sjå kva kostnader ein påfører Hordland Fylkeskommune, ikkje berre kva kortsiktige "bedriftsøkonomiske" konsekvensar det vil verta for Lindås kommune.

Dersom desse kostnadene er større enn det som administrasjonen i Lindås kommune meiner at Lindås kommune sparar på å leggja ned Myking skule, bør administrasjonen be om ein finansieringsavtale med Fylkeskommunen slik at samfunnet ikkje tapar pengar på at dei som vedtek eit kostnadskutt ikkje må svara for alle økonomiske konsekvensar av vedtaket.

### **Auka skysskostnader for Lindås kommune er berekna for lågt**

Kommunen har rekna ut at auka kostnader til skuleskyss for Lindås kommune er kr 336 480 dersom Myking skule vert lagt ned og elevane sendt med buss til Lindås (side 15 i planen). Reknestykket er basert på at Myking skule har 52 elevar. Dette talet ville vore relevant å sjå på dersom elevtalet på Myking ikkje hadde endra seg dei neste åra. Kostnaden for kommunen aukar når elevtalet aukar. I perioden 2016-2030 er prognosen at det i gjennomsnitt vil vera litt i overkant av 71 elevar i Myking skulekrins (Rådmannen føreslår å leggja ned Myking skule frå 2016, difor er elevtala i denne perioden interessant, ikkje dagens elevtal). Dersom ein føreset at alt anna er likt (same fordeling mellom elevar som har skuleskyss og ikkje, same takstar og soneinndeling), vil ein får følgjande kostnadsstruktur:

	Tal elevar no	Tal elevar 2016-2030
	52	71
Skysskostnader Myking	kr 118 000	kr 161 602
Myking til Lindås	kr 454 480	kr 622 413
<b>Kostnadsauke for kommunen</b>	<b>kr 336 480</b>	<b>kr 460 811</b>

**Kostnaden for Lindås kommune til skuleskyss ved evt. nedlegging av Myking skule er ikkje rekna korrekt utifrå dei føresetnader som ligg i planen, men vil verta ca. 37 % høgare enn vist i planen.**

### **Sparte vedlikehaldskostnader ved nedlegging er sett for høgt**

Lindås kommune har dei 3 siste åra (2011-2013) brukt i gjennomsnitt 22,2 % mindre enn landsgjennomsnittet i "Korrigererte brutto driftsutgifter til skulelokaler per kvadratmeter".

Kjelde: <http://www.ssb.no/a/kostra/stt/index.cgi?spraak=norsk&regionstype=kommune&nivaa=2&rdnummer=0&regioner=126300%402013%2CEKG08%402013%2CEKA12%402013%2CEAKUO%402013%2CEAK%402013&faktaark=K1234344509P31514>

I planen er det oppgjeve at ved berekninga av FDV-kostnader er det teke utgangspunkt i HolteProsjekt Markedsdata sine berekningar for normal standard (side 34). Sidan Lindås kommune har monaleg lågare korrigererte brutto driftsutgifter til skulelokale per kvadratmeter, er det rimeleg å anta at kommunen ligg tilsvarende under normalen til HolteProsjekt Markedsdata.

Administrasjonen har rekna ut at ved å leggja ned Myking skule vil kommunen spara ca kr 700 000 årleg (reknestykket administrasjonen har sett opp vert eigentleg kr 666 900, men dette er runda opp til kr 700 000). Dersom ein legg til grunn at Lindås kommune ligg tilsvarende under normalen som vist over, vil innsparinga verta ca kr 520 000 og ikkje ca kr 700 000 som oppgjeve.

Me får då følgjande reknestykke ved ei evt. nedlegging av Myking skule:

	Vår utrekning	Skuleplan
Sparte FDV kostnader	-kr 520 000	-kr 666 900
Sparte årsverk *	-kr 360 000	-kr 360 000
Auka skysskostnader, kommunen sin del	kr 461 000	kr 336 480
<b>Sum innsparing</b>	<b>-kr 419 000</b>	<b>-kr 690 420</b>

\* I planen ligg det ikkje noko dokumentasjon på korleis ein har kome fram til at kommunen sparar 0,6 årsverk på å leggja ned Myking skule, så me har ikkje hatt høve til å kontrollrekna det, men har føresett at det er korrekt rekna.

Innsparing på kr 419 000 føreset at **alle** elevar frå Myking skulekrins kjem til å gå på Lindås barneskule. I følgje planen (side 8) vil kommunen verta trekt kr 75 000 per elev som går på privat skule. Lindås kommune vil difor **tapa** pengar på å leggja ned Myking skule dersom fleire enn 5 elevar vel privatskule som følgje av nedlegginga. Me må difor sjå på om det er eit sannsynleg utfall.

### Kva om elevane går til privat skule?

Den seinare tida har det oppstått ein ny trend i å velja privat skule i staden for offentleg skule. I løpet av dei siste ti åra har det vore ei auking i tal private skular på 40 %. Halvparten av alle nye skular er no private. For den offentlege skulen er dette utfordrande då det er kommunen som har ansvar for at alle elevar har skuleplass. Dersom kommunen har mange private skular, vil kommunen ofte måtta operera med overkapasitet på dei offentlege skulane for å kunna ta hand om elevane dersom privatskular vert nedlagt. Det vil også vera større usikkerheit knytt til elevtal og klassedeling då ein ikkje kan planleggja i like stor grad kor mange elevar som kjem til å gå på dei offentlege skulane.


#### Spørjeundersøking januar 2015

I kommunedelplanen for skule kom det tidleg i prosessen fram at dei fleste alternativ som ville verta lagt fram, innebar at Myking skule skulle leggjast ned og elevane flyttast til Lindås barneskule. På bakgrunn av dette vart det i januar 2015 gjennomført ei spørjeundersøking mellom foreldre til born mellom 0 og 12 år i Myking skulekrins.

Spørsmålet som vart stilt var:

*"Dersom kommunen legg ned Myking skule, kvar ynskjer du at ditt born/dine born skal gå? Stryk dei alternativa som er heilt uaktuelle, og set prioritering 1,2,3 osv. mellom dei som kan vera aktuelle. Er det berre ein skule som er aktuell, skriv du 1 og stryk dei andre. Er det to som er aktuelle, skriv du 1,2 og stryk dei andre osv."*


Over 80 % svara på undersøkinga, så svara som er gjeve er representative for innbyggjarane. Resultatet viste at det var stor interesse rundt etablering av ein privat





skule på Myking dersom kommunen legg ned Myking skule. Å etablere ein privat skule er ein relativt stor jobb og omstenda kring overtaking av eksisterande skulebygg vil kunna vera avgjerande. Rådmannen antyda i skulemøtet 17.03.15 at bygda kunne overta skulen til samlingspunkt dersom skulen vert lagt ned, men i framlegg til kommunedelplan for skule står det: *"Kommunen kan få inntekter ved ev. sal av eksisterande bygningar og tomt."* Sidan dette med etablering av privatskule er usikkert, såg me difor også på kva foreldre ynskje dersom det ikkje vart etablert privatskule på Myking. Resultata under er frå same undersøking, men for dei som har valt privatskule på Myking som 1. prioritet er 2. prioriteten vist:

Val av Knarvik og Seim kan tolkast slik at ein ynskjer å flytta dersom ikkje det vert skule på Myking, men me spurte ikkje konkret om slike konsekvensar, så det vert berre ei tolking. Elles så viser resultatet at dei fleste ynskjer at elevane skal gå på mindre skular. Dersom Kløvheim vert oppretthalden, vil den verta nærskule til kring halvdelen av elevane i Myking skulekrins dersom det ikkje vert skuledrift på Myking. Resten vil ha kortast veg til Skodvin Montessoriskule. Dersom dette resultatet skulle verta ein realitet, vil ikkje kapasiteten på Skodvin Montessoriskule p.t. vera stor nok til å romma alle elevane som vil søkja seg dit.



### Oppsummering kostnader

Som det går fram av resultatata frå undersøkinga, er det svært sannsynleg at fleire enn 5 elevar vel privatskule som følgje av nedlegging av Myking skule. Det er difor truleg at **Lindås kommune vil tapa pengar på å leggja ned Myking skule.**

Dersom svært mange vel privatskule, vil Lindås missa store inntekter, men det er også mogleg at innsparinga i årsverk då vert større fordi det vert færre klassetrinn som må delast på Lindås barneskule. Sidan administrasjonen ikkje har lagt fram grunnlagsdata for korleis dei har rekna ut at kommunen vil spare 0,6 årsverk ved å leggja ned Myking skule, greier ikkje me å rekna ut kor mange elevar som må gå på privat skule for at innsparinga i årsverk kan verta større. Uansett ville det berre vorte sannsynlegheitsberekning då ein ikkje veit i kva klassar elevane som vel privatskule kjem frå og då ikkje nøyaktig kan rekna kva klassar som må delast og ikkje.

Slik tal elevar på Myking og Lindås ser ut dei neste åra, ser det ut til at sjølv med 10-15 elevar som søkjer seg til privatskule, vil klassedelinga og dermed kommunen sine sparte 0,6 årsverk verta uendra ved ei evt. nedlegging av Myking skule. Det einaste som då skjer er at kommunen taper inntekter dess fleire som søkjer seg til privatskular. Dersom berre 1/3 av dei som i spørjeundersøkinga seier at dei ville velja å gå på privatskule verkeleg vel privatskule viss Myking skule vert lagt ned, vil Lindås kommune truleg tapa i overkant av ein halv million kroner årleg. Alle andre faktorar er føresett uendra.

Sparte FDV kostnader	-kr 520 000
Sparte årsverk	-kr 360 000
Auka skysskostnader, kommunen sin andel	kr 461 000
13 elevar til privatskule	kr 975 000
<b>Endra nettokostnad for kommunen</b>	<b>+ kr 556 000</b>

Resultatet av spørjeundersøkinga viste at 55 % av elevane (39 av 71 elevar) ville hamna på privatskule dersom Myking skule vert lagt ned, så det er **kalkulert svært forsiktig** når ein har rekna at berre 1/3 av dei som ynskjer seg til ein mindre privatskule verkeleg gjennomfører det viss Myking skule vert lagt ned.

Då det vart kjent at rådmannen i økonomiplanen føreslo å leggja ned Myking skule frå hausten 2015, var det 5 frå Myking skulekrins som søkte seg til Skodvin Montessoriskule. Desse søknadene vart trekt etter at politikarane gjorde vedtak om at Myking skule ikkje skulle leggjast ned hausten 2015.

**Lindås kommune vil ikkje spara pengar på å leggja ned Myking skule, men tvert i mot tapa pengar**

### **Kor vil folk på Vabø høyra til?**

Det har ved fleire høve vorte stilt spørsmålsteikn ved kva skule dei som bur på Vabø ynskjer å høyra til. I gjeldande skuledelplan står det:

*"Den relativt store befolkninga på Vabø har kanskje like stort tilhøyre til Lindås?"*


Skulebruksplanen i Lindås kommune vart rullert i 2012/2013 og i den samanhengen stod det følgjande i eit lesarinnlegg i Strilen 19.01.13: *"Kvifor føreslår ikkje arbeidsgruppa å sende elevane på Vabø til Lindås/Skodvin der dei etter nærskuleprinsippet høyrer til og der det er rikeleg kapasitet"*. Lesarinnlegget var signert av Arbeidsgruppa for vidareføring av Kløvheim skule v/Bernt Olav Fjellanger.

På bakgrunn av dette oppslaget vart det i slutten av januar 2013 gjennomført ei spørjeundersøking mellom dei som bur på Vabø/Fjellsende for å finna ut kva innbyggjarane i den delen av Myking skulekrins meinte. Til orientering er avstandane frå snuplassen der bussen snur på Vabø: Skodvin skule ca. 6,7 km, Lindås barneskule ca. 7,1 km, Myking skule ca. 8,5 km.

Spørsmålet var som følgjer:

*Dersom DU fekk bestemma kva barneskule borna på Fjellsende/Vabø skulle høyra til. Kva skule ville du då valt?*

Ser ein samla på alle som har born mellom 0 år og 7. klasse var fordelinga som følgjer:



I denne gruppa fekk ein svar frå alle utanom to husstandar (der det ikkje var nokon heima). **Utifrå desse resultatane kan me avliva myta om at dei fleste innbyggjarane på Vabø helst ville sendt ungane til Lindås barneskule**, men alle har høve til å søkja om det dersom dei ynskjer fordi kringsgrensene ikkje alltid følgjer kortaste bilveg. Bakgrunnen for at kringsgrensa er sett slik i nordre delen av skulekrinsen, er samanslåing av Natås og Myking skulekrins i 1992. I andre enden av Myking skulekrins er det område som no høyrer til Kløvheim skulekrins, men som geografisk er nærare Myking skule.

## 5.2 Faglege vurderingar

### Kvalitet i skulen - elevundersøkingar


**Er det forskjell på korleis elevane har det på nærmiljøskulane kontra dei store skolane i Lindås?**

Kvart år vert det utført nasjonale miljøundersøkingar. Elevane vert stilt mange spørsmål og svara vert samanlikna og gruppert. Spørsmåla og grupperinga har endra seg litt etter kvart, så det er vanskeleg å samanlikna data over lang tid. Skalaen går mellom 1 og 5. Me har sett litt på om det er forskjell mellom resultatane på nærmiljøskular og resultatane på dei store kommunale skolane i tettbygde strøk (dei 4 største kommunale skolane).

#### Resultata frå 2013-2015

Ein kan sjå at elevane i småskulane føler dei har mindre støtte heimafrå og litt mindre faglege utfordringar enn på dei store skolane. På alle andre område scorar småskulane betre enn storskulane. Når det gjeld mobbing sa 4,2 % av elevane i


Elevundersøkingane 2013-2015



småskulane at dei har opplevd mobbing 2-3 gongar i månaden eller oftare. Tilsvarande tal for storskulane var 7,9 %. Landsgjennomsnittet var 5,1 % medan gjennomsnittet i Lindås kommune var 6,5 %. Myking hadde 0 %.


### Resultata frå 2010-2012

Ein kan sjå at elevane i småskulane føler dei har lågare meistring enn på dei store skulane. På alle andre område scorar småskulane betre enn storskulane. Dette gjeld også for mobbing. Der er scoren 1,35 for småskulane og 1,52 for storskulane. Landsgjennomsnittet var 1,4 medan gjennomsnittet i Lindås kommune var 1,45. Dess lågare tal, dess betre resultat. Myking hadde 1,15 i gjennomsnitt.



### Resultata frå 2006-2008

I høyringsuttalen i samband med kommunedelplanen for skule 2010-2020 lagde me ein tilsvarande presentasjon av resultata frå dei nasjonale miljøundersøkingane som til då låg tilgjengeleg på nettet. Då vart samanlikninga gjort for dei 5 miste skulane opp mot dei 5 største. Resultata samsvarar med det ein finn dei siste åra: Dei små skulane scorar jamnt over betre enn dei store skulane.



Kort oppsummert frå miljøundersøkingane frå 2006-2015:

	Småskulane	Storskulane	
Elevane på småskulane trivst betre både med kvarandre og med lærarane. Dei opplever meir fagleg rettleiing og støtte frå lærarane, men mindre støtte frå heimen. Elevane i småskulane opplever større faglege utfordringar og har ein betre læringskultur, men dei opplever sjølv at dei meistrar faga dårlegare enn elevar på storskulane. Dei er derimot meir motivert, opplever meir felles reglar, større elevdemokrati og betre fysisk læringsmiljø. Og ikkje minst; elevane på småskulane opplever mindre mobbing.	Trivsel	+	-
	Trivsel med lærerne	+	-
	Støtte fra lærerne	+	-
	Faglig veiledning	+	-
	Støtte hjemmefra	-	+
	Faglig utfordring	+	-
	Vurdering for læring	+	-
	Læringskultur	+	-
	Mestring	-	+
	Motivasjon	+	-
	Felles regler	+	-
	Elevdemokrati	+	-
	Fysisk læringsmiljø	+	-
	Mobbing på skolen	+	-

Kjelde:

<https://skoleporten.udir.no>

### Kvalitet i skulen - Trivsel/ Mobbing

Spesielt dette med mobbing har vore mykje framme i media i det siste. Me trur at miljøet på dei små skulane er meir gjennomskytleg og uteområda meir oversiktleg slik at dei vaksne i skulen lettare kan arbeida mot mobbing. Me er glade for at Høgre i partiprogrammet seier at "det skal utarbeidast ein tydeleg tiltaksplan for å få vekk mobbing, støy og uro i klasserommet", at KRF seier at dei vil "halda fram arbeidet mot mobbing" og at FRP "seier nei til mobbing i skulen". Me meiner dette er viktig for at elevane skal trivast og både ha det bra og gjera det bra på skulen. Og ikkje minst er det viktig for framtida vår. Me har difor sett litt på kva forskinga seier om mobbing.

#### Mobbing kostar samfunnet milliardar

Ein av verdas fremste ekspertar på mobbing, psykologiprofessor Dan Olweus, saknar merksemd rundt dei betydelege ringverknadane mobbing har i samfunnet, både økonomisk og sosialt:

"Svenske økonomer har regnet ut at ett tilfelle av «negativt livsløp», for en mobber eller et offer, koster samfunnet nærmere 12 millioner svenske kroner i utgifter, fordelt på rettsvesen, sosialtjenester, helsevesen og tapte skatteinntekter", seier han til NTB.

Olweus trur norske kommunar ville ført eit strengare tilsyn og satsa meir på antimobbeprogram dersom dei var klar over kor stor del av deira framtidige budsjett som vil gå med til å betala prisen for langtidseffektane av mobbinga.

"Med den nye samhandlingsreformen blir en rekke oppgaver innen helsetjenesten og kostnader knyttet til disse, overført fra staten til kommunene", påpeikar professoren.

Kjelde : <http://www.nrk.no/norge/mobbing-koster-samfunnet-milliarder-1.7525960>



### Samanheng mellom mobbing og posttraumatisk stress

Forskning viser at nær seks av ti som er vorte mobba har symptom på posttraumatisk stressforstyrning. Ein ny litteraturgjennomgang og metaanalyse frå Statens Arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) viser at det er en sterk sameanheng mellom eksponering for mobbing i skule eller i arbeidslivet og symptom på posttraumatisk stressforstyrning. I alt 29 enkeltstudiar var inkludert i gjennomgangen. I gjennomsnitt rapporterte 57 prosent av personar som hadde vorte mobba symptom på posttraumatisk stress over grenseverdiar for diagnosen.

Til samanlikning er det berekna at cirka éin prosent av befolkninga til ei kvar tid lir av posttraumatisk stressforstyrning. Mellom soldatar som har vore i krig og mellom katastrofeofre, har 10-20 prosent symptom på forstyrninga, og cirka 30-40 prosent av dei som har vorte utsett for valdtekt.

Kjelde: <http://www.dagensmedisin.no/nyheter/sammenheng-mellom-mobbing-og-posttraumatisk-stress/>

### Svakare karakterar på skular med mykje mobbing

Elevar på skular med høgt nivå av mobbing har dårlegare karakterar enn andre elevar. Det viser ei undersøking der 7343 norske elevar har deltatt. "Studien viser at elevar som går på skoler preget av mobbing i snitt har én karakter lavere enn elevar på skoler med lav grad av mobbing", seier stipendiat Ida Frugård Strøm ved NKVTS (Norsk kunnskapssenter om vold og traumatisk stress). "Nytt og overraskende er det at studien dokumenterer at høyt nivå av mobbing på en skole påvirker alle elevens skolekarakterer på en negativ måte", seier Ida Frugård Strøm.

Kjelde: [http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Svakere-karakterer-pa-skoler-med-mye-mobbing-7117050.html#.VQvegR\\_ORhE.email](http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Svakere-karakterer-pa-skoler-med-mye-mobbing-7117050.html#.VQvegR_ORhE.email)

### Skuleresultat betre på Myking enn gjennomsnittet i Lindås kommune

Elevane på Myking skule scorar i snitt betre enn gjennomsnittet i Lindås kommune på Nasjonale prøvar i perioden 2009-2014.

## **Kvalitet i skulen - dei små skulane**

### § 9a-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring (Opplæringslova).

Kvaliteten i skulane vert ofte samanlikna med dei andre skulane i kommunen uavhengig av størrelse. Dette seier Anita Olsen-Berg, forskar ved Høgskolen i Nesna, er ei uheldig samanlikning. Ho skriv i artikkelen "Kvalitet i små skoler" at ein må sjå på desse skulane i eit anna lys – ikkje kva dei manglar samanlikna med dei større skulane, men kva særlegne pedagogiske mogelheitene dei fådelte skulane har. Ho peikar blant anna på at sjølve staden kan nyttast i undervisninga fordi lærarane ofte har ein lokal forankring og nyttar dei lokale verdiane og tradisjonane i undervisninga – plassideologi. Olsen-Berg meiner vidare at aldersblanda grupper er ei læringsform som dei fådelte skulane får "gratis", medan andre skular nyttar det som planlagt læringsform. Til slutt kan ein trekkje fram fleksibiliteten i organiserings – og læringsformer dei mindre skulane har. Anita Olsen-Berg kalla det "mulighet og rammer for didaktisk improvisasjon», der ein kan i større grad kan velje mellom gruppearbeid, prosjektarbeid, stasjonsundervisning og liknande på grunn av mindre elevar per klasse".

Kjelde: Olsen-Berg, Anita: Kvalitet i små skoler

I doktoravhandlinga si, skriv Olsen-Berg at det er den pedagogiske diskursen som set kriteria på kva ein som er ein fullgod skule eller ikkje.

Kjelde: Omsorg eller formål : rasjonalitet og dilemmaer i fådeltskolen av Olsen-Berg, Anita

Opplæringslova seier altså at alle born skal ha rett til eit godt miljø som fremjar både helse, trivsel og læring. Me tenkjer at kvalitet i skulen er når borna får utnytta sine føresetnader for læring, slik Olsen-Berg refererer til og at læringa kan skje og skjer på ulike måtar.

#### Kva seier den pedagogiske diskursen om småskulane i Lindås kommune?

Jan Spurkeland, grunnleggjar av «relasjonsledelse» og forfattar av fleire bøker om emnet, meiner at relasjonen mellom elev og lærar er avgjerande for eit godt læringsmiljø. Dersom det er tillit mellom dei og eleven føler seg sett vil dette påverka motivasjonen og viljen til å læra. Han meiner at det faglege og det relasjonelle står i eit avhengigheitsforhold til kvarandre og at det faglege resultatet kjem an på kvaliteten på den mellommenneskelege relasjonen. Denne kvaliteten må den vaksne ta ansvaret for. Dette skjer sjølvstøtt uavhengig av skule- eller klassestorleiken.

Vår påstand er at uansett om kva en har av relasjonskompetanse og vilje, er det lettare for ein lærar å oppretta gode relasjonar med få elevar enn med mange.

Kjelde: <http://www.relasjonsledelse.no/default.asp?tekst=fagart36>


#### **Pognosar – elevtalet aukar**

Det er ofte slik i bygdene at ein har opp og nedturar når det gjeld innbyggartal. Generasjonar kjem og går. Myking skulekrins er inne i ei positiv utvikling, og det er med glede me ser at elevtalet igjen er stigande. Barnetala aukar, familiar utan tidlegare tilknytning til bygda flyttar hit og vil satse på Myking og bygdene rundt.


Dette viser at det framleis er innbyggjarar i Lindås kommune som ynskjer å bu og leve på bygdene. Og me oppmodar våre folkevalde til å legge til rette for at det skal vere eit reelt val å få busetja seg i bygdene også.

#### Elevtalsutvikling

Dei siste 7 åra har tal born under skulepliktig alder auka kraftig på Myking. Dette skuldast, som nemnt, tilflytting og generasjonsskifte i bygda. Data på tal born har me fått frå Lindås kommune. Desse borna vil dei næraste åra fylla opp Myking skule og skulen vil få attende eit elevtal slik me kjenner det frå nokre år tilbake.



Myking skule er føreslått nedlagt frå 2016. Me viser her Norconsult si prognose for elevtalsutvikling i 7 år frå 2016. Dei borna som vart fødd i 2014 vil starta på skulen i 2020. Prognosane frå 2016/17 til 2020/21 er difor relativt sikre då dei hovudsakleg er basert på born som allereie bur i krinsen. For året 2021/22 er ikkje 1. klassen fødd enno og for året 2022/23 er ikkje 1. og 2. klasse fødd enno. Difor er prognosane markert som stipla. Enno lengre fram i tid vert prognosane meir usikre, men dei viser eit stabilt elevtal kring 75.




### **Folkehelse – gå/sykla eller køyra buss?**

I alle avgjerder som omhandlar born skal kommunen ta utgangspunkt i kva som er det beste for barnet, jamfør barnekonvensjonen artikkel 3.

Om Myking skule vert lagt ned og flytta til Lindås, vil elevane måtta reisa med skulebuss kvar dag til og frå skulen. Nokre av elevane vil nok gjerne grua seg til denne reisa. Dei sit på bussen utan tilsyn, noko som kan gje auka risiko for mobbing. Dette er skulen sitt ansvar, og Utdanningsdirektoratet har i Rundskriv nr2-2010 presisert at retten til eit godt psykososialt miljø også gjeld på skulevegen. Fysisk aktivitet i barndommen legg grunnlag for meistring, trivsel og velvære seinare i livet. Det er og ein positiv samanheng mellom auka fysisk aktivitet og skuleprestasjonar, og auka fysisk aktivitet kan ha ein positiv effekt på konsentrasjon, hukommelse, åtferd i klasserommet og på det sosiale miljøet. Førekost av overvekt og fedme blant barn og unge er aukande. Barn og unge anbefalast til å være moderat aktive i minimum 60 min. dagleg. I ein undersøkelse frå Helsedirektoratet kjem det fram at blant 6-åringar er det 87% av jentene som oppfyller desse krava og 95,7% av gutane. Tala viser og at etter kvart som borna vert eldre er det færre som tilfredstiller dette kravet om moderat aktivitet og at grad av inaktivitet aukar.

Utfordringane rundt helse og inaktivitet er ikkje berre eit problem på individnivå, men eit samfunnsproblem, eit symptom på det samfunnet me lever i, og ein kan ikkje medisinerer vekk livsstilssjukdommar. Førebygging er løysninga og det beste tiltaket er dagleg fysisk aktivitet. Ved å kunna gå eller sykla til skulen, vil borna tidleg leggja inn gode vanar for dagleg fysisk aktivitet. Å kunna gå eller sykla til skulen vil og gjera det enklare for born å konsentrere seg når skuledagen byrjar, og med denne daglege aktiviteten vil borna få viktige helsegevinstar både på kort og lang sikt. Vil det være til barnet sitt beste å sitja på ein buss Myking-Lindås kvar dag? Eller vil det vera å kunna gå eller sykla til Myking skule?

Det er den halvdelen av elevane som ikkje har rett på skuleskyss i dag som vil få lengst skyssavstand til Lindås barneskule. I følge ei stor dansk undersøking får dei som vert skyssa til skulen dårlegare føresetnader til å læra resten av skuledagen samanlikna med born som tek seg til skulen for eigen motor. Forsøket med nesten 20 000 elevar skulle eigentleg visa kor viktig det er at born får frukost før dei dreg heimafrå. Men så viste det seg at skulevegen hadde langt større betydning




Figur 1: Sammenhengen mellom at spise i skolen og ens evne til at konsentrere sig

Kjelder: <http://pluss.vg.no/2012/11/27/1037/JSrwGQ>

[http://masseeksperimentet.danishsciencefactory.dk/sites/default/files/files/resultatrapporten\\_final.pdf](http://masseeksperimentet.danishsciencefactory.dk/sites/default/files/files/resultatrapporten_final.pdf)

Lindås kommune har vedtatt kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Denne er ganske tydeleg på at kommunen har som mål å fremje folks helse og auka aktivitetsnivået, der folk bur. Sitat, bl.a.: "Det er ofte små investeringar som gir betydelege forbetringar som til dømes trygge skulevegar for gåande og syklande, og god tilrettelegging for bruk av sykkel i kvardagen." Me kjem ikkje til å gå nærare inn i dette dokumentet då me reknar med at dette er kjent. Me vil berre presisera eitt av punkta i planen sitt handlingsprogram med tiltak: "Folkehelse og aktivitetsfremjande tiltak i nærmiljøa skal prioriterast."

**Å behalda Myking skule er heilt i tråd med handlingsprogrammet i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø.**



Figur 1: Elevernes transportmåde til skolen og dens betydning for deres evne til at konsentrere sig

på konsentrasjonen enn først antatt og langt større betydning enn mat på skulen.

Per Egil Mjaavatn, førsteamanuensis ved pedagogisk institutt ved NTNU i Trondheim, seier at det viser seg at dei som går til skulen også er meir fysisk aktive i løpet av skuledagen. Ein studie i Østerdalen viste også at born som gjekk til skulen fekk mindre ryggplager.



## Utvikling i og utanfor tettbygde strøk


Lindås kommune er arealmessig ein stor kommune.

Tettstadane i Lindås kommune, pr. definisjon 03.02.15 frå SSB, er Knarvik/Alversund, Lindås og Leiknes.

I følgje SSB er ca **51 %** av busetnaden i Lindås kommune **utanfor** tettbygde strøk, men studerer me utviklinga i Lindås kommune dei seinare åra, så ser me at svært lite av investeringane vert gjort utanfor tettbygde strøk.

Me er glad for at det er gode tilbod i sentrale strøk av kommunen, men ein må også hugse på at halvparten av busetnaden er utanfor dei sentrale strøka. Du som folkevalt har også ansvar for at kvalitetar og livsgrunnlag vert oppretthalde også her. Både for å avlasta dei tettbygde strøka, men også for å hindra fråflytting frå bygdene og kanskje også kommunen. Når me ser på gjeldande bustadbyggeprogram for Knarvik / Alversund så er det ikkje mogleg å auka utbygginga vesentleg pga mangel på sosial infrastruktur. Det går enno mange år før ny sosial infrastruktur er på plass og Lindås kommune treng bygdene utanfor tettbygde strøk til å avlasta dette. Slik me ser det er det lurt å ikkje leggja ned dei mindre skulane, for ikkje å risikera større og meir akutt trykk på dei tettbygde strøka.

Tettstadar i Lindås kommune



## 6 Konklusjon

- Skulen i Lindås er ikkje dyr
- Kommunen tapar på å leggja ned Myking skule
- Auka skysskostnader for Hordaland Fylkeskommune må bereknast
- Føresetnaden om at alle elvar følgjer med over i offentleg skule er ikkje realistisk
- Større trivsel og mindre mobbing på dei små skulane
- Skular med lite mobbing gjev auka prestasjonar
- Nærskule betrar folkehelsa
- Elevtalet på Myking aukar mykje i åra som kjem
- Levande bygder inkluderer ein skule

## 7 Vedlegg

1. Artikkel i Aftenposten 2013: «Svakere karakterer på skoler med mye mobbing»
2. Artikkel frå Høgskulen i Buskerud og Vestfold: «Skolen må være nær»
3. Artikkel publisert av LUFSS, mars 2015: «Mirakelet Sogn og Fjordane»



# Svakere karakterer på skoler med mye mobbing

**Elever på skoler med høyt nivå av mobbing har dårligere karakterer enn andre elever.**

[Wenche Fuglehaug](#)

Oppdatert: 10.feb. 2013 10:06

Det viser en undersøkelse der 7343 norske elever har deltatt.

- Studien viser at elever som går på skoler preget av mobbing i snitt har én karakter lavere enn elever på skoler med lav grad av mobbing, sier stipendiat Ida Frugård Strøm ved NKVTS (Norsk kunnskapssenter om vold og traumatisk stress).

Hun sier faktorer både på individ- og skolenivå kan føre til nedsatte skoleprestasjoner.

- Elever som går på skoler preget av mobbing, presterer dårligere på skolen. Dette gjelder for alle elever.

## Påvirker alle

Hun er én av flere forskere bak en større studie som blant annet forsøker å finne årsaker til at så mange dropper ut av videregående skole og arbeidslivet. Hvilke belastende livshendelser ekskluderer og fører til at mange faller utenfor?

Ett av delprosjektene favner 7343 15-16-åringere fra 56 ungdomsskoler i Norge.

- Nytt og overraskende er det at studien dokumenterer at høyt nivå av mobbing på en skole påvirker alle elevers skolekarakterer på en negativ måte, sier Ida Frugård Strøm.

Hun mener det derfor er viktig å legge vekt på samspillet mellom individ og gruppenivå når man studerer skoleprestasjoner.

- Dette er en tverrstudie der måletidspunktet er det samme. Derfor vet vi ikke med sikkerhet om mobbing på en skole fører til dårligere karakterer eller om dårlige karakterer fører til mer mobbing. Men forskning viser at skoler med usunt miljø har lavere karaktersnitt enn de med godt miljø, sier Strøm.

## Gode relasjoner

Katti Anker Teisberg er rektor ved Haugjordet ungdomsskole på Langhus i Ski kommune.

Hennes erfaringer støtter opp om studiens funn.

- Mobbing påvirker hele læringsmiljøet. Gode relasjoner mellom lærere og elever og mellom lærerne og skoleledelsen er viktig i arbeidet for å hindre mobbing og for å løse mobbesituasjoner. Lite mobbing gir god trivsel og dermed bedre skoleprestasjoner, sier Katti Anker Teisberg.

Hun har selv skrevet en masteroppgave om mobbing og skoleleders rolle i antimobbearbeidet.

- Rektorer og lærere må stå frem med sin menneskelige kapital, og være gode forbilder. De må ikke bare snakke om verdier og hvordan man skal være å oppføre seg, man må gå foran med gode eksempler. Plukke søppel, gå inspeksjon, være vennlig, men bestemt og tydelig.

## Utfordringer over alt

På Haugjordet går 500 elever, og Katti Anker Teisberg sier det er utfordringer på hennes skole som på alle andres.

- Men langsiktig og systematisk arbeid med skolemiljøet fungerer bedre for å hindre mobbing enn ulike mobbeprogram. Arbeidet mot mobbing må være en del av den langsiktige skolekulturen ikke noe man gjør av og til og innimellom når det dukker opp en mobbesituasjon.

## Lærerstøtte

Ida Frugård Strøm understreker i sin studie at såkalte bystanders, elever som har tilskuerrollen, må trekkes mer aktivt inn i arbeidet mot mobbing.

- Tilskuerne har en viktig rolle ettersom de enten kan svekke eller styrke mobberens posisjon: En positiv endring av medelevers adferd kan redusere gevinsten mobberen får, sier Ida Frugård Strøm.

Publisert: 10.feb. 2013 10:06

<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Svakere-karakterer-pa-skoler-med-mye-mobbing-7117050.html>

Fra forskningsmiljøene. En artikkel fra Høgskolen i Buskerud og Vestfold

# - Skolen må være nær

**Sosial tilhørighet og nærhet til lokalsamfunnet er grunnleggende forutsetninger for en inkluderende skole. Men hvordan skal elevene utvikle nærhet til en skole som ligger flere timers bussreise unna?**



**Jon Olav Skålid**

informasjonsleder

En artikkel fra

**Høgskolen i Buskerud og Vestfold**

76

13.8 2012 05:00



(Illustrasjonsfoto: [www.colourbox.no](http://www.colourbox.no))

Hva som skjer med elevenes tilknytning til skolen når det er lang avstand fra hjemmet, forholdet mellom skolens felles referanseramme og lærerens skjønn, skoleledelse og teamarbeid og til slutt klasseledelse.

## Tilhørigheten er avgjørende



- Forskning viser at sosial tilhørighet og nærhet til lokalsamfunnet er grunnleggende forutsetninger for en inkluderende skole, sier Bjørnsrud.

- Dette står i skarp kontrast til det faktum at det i Norge de siste fire årene er lagt ned 181 små skoler. Elevene som gikk på disse skolene må etter dette transporteres bort fra sitt nærmiljø, til en større skole et annet sted.

(Foto: iStockphoto)

- Det hevdes at det er inntektssystemet for kommunene som gjør det nødvendig eller ønskelig for kommunepolitikere å legge ned skoler. Uansett årsak er dette en alvorlig trussel mot prinsippene om et likeverdig skoletilbud, sier han.

Bjørnsrud peker videre på at dersom lærerne har tilfredsstillende kompetanse, er det ingenting som tyder på at de små skolene er et dårligere tilbud til elevene enn en stor skole.

- Mye tyder faktisk på at vi gjennom den utviklingen vi ser står i fare for å ekskludere barn og foresatte i små lokalsamfunn bort fra en skole der de har tilhørighet og nærhet.

- Det burde være et grunnleggende kriterium for en inkluderende skole at den inviterer til tilhørighet og nærhet. Dette er en forutsetning for identitet og mening i læreprosessen – og svært vanskelig når skolen ligger flere timer unna, sier professoren.

## **Felles referanserammer og pedagogisk skjønn**

Det er et viktig prinsipp i norsk skole at alle elever skal få tilrettelagt opplæring etter sine egne forutsetninger.

Dette betyr at skolen må finne et balansepunkt mellom de felles referanserammene, som læreplanene til Kunnskapsløftet, og den enkelte elevens behov.

Det ligger også inne som en forutsetning at flest mulig elever skal få tilfredsstillende læringsutbytte av den ordinære undervisningen, slik at færrest mulig skal ha behov for spesialundervisning.

- Dessverre er det nok slik at skolen i litt for liten grad har maktet å følge opp den enkelte elev, fortsetter professor Bjørnsrud.

- Spesielt gjelder dette ferdigheter i lesing, skriving og matematikk, ferdigheter som er helt avgjørende seinere i skolegangen.

- Når vi samtidig vet at frafallet i videregående skole er på hele 30 prosent, er det nærliggende å trekke den slutningen at dersom disse elevene var blitt fulgt bedre opp tidlig i skolegangen, hadde fått de grunnleggende lese- og skriveferdigheter de skulle ha, kunne dette tallet vært atskillig lavere.

- Dette forholdet må vi se i sammenheng med samspillet mellom den felles referanserammen – læreplanene – og det skjønn den enkelte lærer skal utøve i sin undervisning, påpeker Bjørnsrud videre.

- Læreren må ha et handlingsrom som gir muligheter for variert undervisning og en tilrettelegging som passer elevene.

Forskningen viser ifølge Bjørnsrud også at elevene lærer mer dersom lærestoffet er knyttet til deres eget lokalsamfunn og deres egen hverdag. Det er derfor grunn til å tro at en elev som opplever lærestoff fra eget nærmiljø blir mer interessert i å delta aktivt i undervisningen.

- Kanskje det er rimelig å anta at elever i de laveste trinnene i grunnskolen som har flere timers daglig reise til skolen og liten tilhørighet der blir mindre motivert enn om de kunne opplevd læring i en skole i eget nærmiljø? undrer Bjørnsrud

## Skoleledelse og teamarbeid

De nasjonale ambisjonene og planene for skolen må tolkes og tilpasses den enkelte skole. Dette er et viktig anliggende for skoleledelsen, og er et arbeid som må involvere hele lærerpersonalet.

- Forskningen viser nemlig at det faktisk er lite å finne av skoleledelsens påvirkning innenfor dørene til klasserommet – her er det læreren alene som rår, på godt og vondt.
- Der man tar i bruk selvstyrte lærerteam opplever skolene at lærerne får et forum der de kan støtte hverandre, og der de kan samarbeide også med spesialister som spesialpedagoger og leselærere. Læreren er ikke lenger ensom, hun har fått et kollegafelleskap å samspille med, sier Bjørnsrud.

Både skoleledelsen og lærerteamene har viktige roller å spille i arbeidet med en inkluderende skole. Det er skolens felles referanserammer som styrer lærernes daglige arbeid med læreprosessene.

- Derfor gir det arbeidet skoleledere og lærere gjør sammen kraft til lærerens individuelle arbeid, og arbeidet i teamene, sier han.

## Klasseledelse og elevenes læring



Professor Halvor Bjørnsrud.  
(Foto: HiVe)

Klasseledelse handler om å skape et arbeidsmiljø i klassen der elevene opplever å bli sett, forstått og anerkjent, og der eleven som del av fellesskapet kan bidra aktivt til sin egen læring.

Det er også et viktig poeng at ro i arbeidet er med på å gi trivsel i læringsprosessen.

- Det er viktig at læreren også er proaktiv, og forutser hva som



kan komme, alltid har en plan og aktivt bruker kunnskapene og ferdighetene sine for å skape et best mulig grunnlag for en inkluderende skole, poengterer Bjørnsrud videre før han stiller opp fem krav til en god, proaktiv lærer.

Hun skal:

- Kunne legge til rette for læring med mening ved å knytte den til elevens egne erfaringer.
- Ha høy didaktisk kompetanse som stadig utvikles.
- Ha stor sosial kompetanse og være en tydelig leder for alle elevene.
- Styre sammensetningen av grupper, i småskolen er det viktig å skape retning for innholdet i læreprosessen.
- Legge til rette for et godt samarbeid med foreldre og foresatte.

- Det er ingen uenighet om at grunnleggende ferdigheter i lesing, skriving og matematikk er avgjørende for suksess i skole og arbeidsliv.

- Det er skolens oppgave å være inkluderende og – aller viktigst - legge til rette for elevenes læring slik at de klarer seg godt i samfunnet, sier Bjørnsrud.

### **Referanse:**

Bjørnsrud: «Tidlig innsats for en inkluderende skole: om tilhørighet og læring med mening» i Bjørnsrud & Nilsen (red): *Tidlig innsats - bedre læring for alle?*, Cappelen Damm Akademisk 2012.

<http://forskning.no/barn-og-ungdom-pedagogiske-fag-skole-og-utdanning/2012/06/skolen-ma-vaere-naer>



# LUFSS

## Landslaget for nærmiljøskolen

Logg inn

Forsiden
Om LUFSS
Rådgiving
Kurs
Lenker
Bilder
Blogg
Skoleplassen

### MIRAKELET SOGN OG FJORDANE f t + e p

**Med ein einaste setning sa ei jente i 7. klasse det 12 forskargrupper ikkje greidde. For akademikarane gjer sitt beste for å bortforklare kvifor elevar i Sogn og Fjordane får so gode resultat.**

**Det fenomenet filosofen Skjervheim kallar "Sprenslærd toskeskap", sluttar aldri å forundre.** No har forskings-eliten levert endå eit solid bidrag. Gjennom Dagsrevyen 05.03.2015, fekk vi greie på kvifor elevar i Sogn og Fjordane gjer det so godt på skulen.

Ikkje mindre enn 12 forskargrupper har vore i sving for å finne ut av mysteriet. Staten har nok ausa ut nokre hundretals millionar kroner. Men det har betalt seg. Endeleg fekk vi løysing på gåta. For i Sogn og Fjordane

- har elevane respekt for læraren
- dei har fordel av å bruke nynorsk
- foreldra støttar og oppmuntrar
- jentene er meir sjølv-trygge

Derfor gjer elevane det so bra. I beste sendetid vart vi vitne til at pedagogar og rektorar stod fram i TV-ruta og la ut om det eine "funnet" etter det andre. Utan plagsame kritiske spørsmål, fekk dei sole seg i glansen av kva forskarar hadde "funne ut". Det var like før vi måtte ut i mørkret og heise flagget her i fjordfylket.

**Men kva skal elevar, foreldre og lærarar elles i landet tenkje, om slike forklarings? Er det dette dei manglar, når skule-resultata ikkje er like gode som i Sogn og Fjordane?**

For det openbert **rette** svaret "kom ingen av dei høge herrar på", for å seie det med Jakob Sande. Slik går det når vaksne er betalte for å **unngå** å seie sanninga. Då er det eit barn som må gjere det. Slik ogso i Dagsrevyen. Heilt på tampen fekk ei jente i 7. klasse seie at ho ikkje var so overraska over dei gode resultatata, for "her har vi mange små skular – og då får lærarane meir tid til kvar elev."

**Men ein setning sa denne jenta det 12 høgkvalifiserte forskargrupper ikkje greidde.** H.C. Andersen si forteljing om "Keiserens nye klær" er diverre framleis so altfor aktuell. No har herskarar gjennom alle tider omgjeve seg med hoffnarrar som sa det herskarane ville høyre. Men det er verre når offentlege forvaltingsorgan, som etter lova skal tene demokratiske prosessar, gjer det same. I rådmanns- og fylkesmannskontor, direktorat og departement høyrer vi uavbrote den same tungetalen: "Di større, di betre. Sentraliser." Makta ter seg, framleis.

Etter at dei overtok ansvaret i 1986, har kommunane fått leggje ned 1300 skular her i landet. Uansett storleik, er nærmiljøskulane umissande kvalitetsskular - for borna som bur der, for lokalsamfunnet dei er ein del av - og for nasjonen Noreg. Dei ligg ofte på topp, både fagleg og sosialt. Slett ikkje berre i Sogn og Fjordane. Kvalitets-målarar som Nasjonale prøver, Pisa, Elevundersøkelsen og Grunnskulepoeng, viser det år etter år. Det veit foreldra. Derfor slåst dei for å halde på desse mindre skulane.

**Skule i nærmiljøet er avgjerande for gode oppvekstvilkår, framtidstru og busetnad.** Barnefamiljar og næringsliv etablerer seg ikkje i lokalsamfunn utan skule. Distrikta forvitrar. Nær slutten av oljealderen må dei no styrkjast, ikkje byggjast ned. Nasjonale styresmakter burde ta det inn over seg, i staden for å sløse bort fleire hundre millionar kroner på akademikarar som skal fortelje oss nye eventyr om Sogn og Fjordane.

Torodd Fagerheim



<http://www.lufs.no/?artID=1395&navB=1>